



KM 10/16 Innmelding i arbeidsgjevarorganisasjon

Kyrkjemøtekomiteens merknader

Komiteen legg saksorienteringa til grunn med følgjande merknader:

1. Komiteen er nøgd med at Kyrkjemøtet oppfyller intensjonen frå samarbeidsavtalen og melder det nye rettssubjektet inn i KA. Denne avklaringa er viktig og gir både Kyrkjerådet og KA eit godt utgangspunkt fram mot overdraging av verksemd, og i det vidare arbeidet.
2. Komiteen meiner valet av KA som arbeidsgjevarorganisasjon for det nye rettssubjektet, med dei kyrkjelege fellesråda allereie i medlemsmassen, er eit viktig bidrag til utvikling av ein heilskapleg arbeidsgjevarpolitikk.
3. Komiteen merker seg at KA har gjort naudsynte grep både med namneendring og revisjon av vedtekter for å bu seg på å ta imot eit nytt stort medlem. Dette gir tillit til at KA blir ein god og samlande arbeidsgjevarorganisasjon. Det gir også det nye medlemmet ein viktig påverknad på KA sin strategi framover på det interessepolitiske feltet.

Kyrkjemøtets vedtak

1. Kyrkjemøtet gir KA Arbeidsgjevarorganisasjon for kyrkjelege verksemder fullmakt til å inngå og seie opp tariffavtale, samt å gi eller motta kollektiv arbeidsoppseiing på Den norske kyrkjas vegne når rettssubjektivitet for Den norske kyrkja føreligg.
2. Kyrkjemøtet gir Kyrkjerådet fullmakt til å:
 - a) Melde det nye rettssubjektet inn i KA Arbeidsgjevarorganisasjon for kyrkjelege verksemder
 - b) Forhandle vilkår for medlemsskapet
 - c) Forvalte medlemsskapet

Samrøystes vedteke.

110 røysteføre.